

Vi har trua på Stranda!

Stranda er ein god kommune å bu, arbeide og leve i. Vi har ein fantastisk natur, låg arbeidsløyse, lite kriminalitet og dei sosiale problema er mindre enn mange andre stader i landet. Stranda har eit variert næringsliv med mange verksemder og arbeidsplassar for produksjon av mat. Det gjer oss til eit spiskammer for heile landet. Men vi har og fleire andre gode industribedrifter, samt ein sterk posisjon innan reiseliv og turisme.

Mange som bur i kommunen har kome frå andre land. Dei gjer god nytte for seg i arbeidslivet og yter til fellesskapet. Marknaden for bustader i kommunen er rimeleg bra, men tilbodet om leilegheiter kan verte betre.

Dei offentlege tenestene knytta til skule og oppvekst, helse og eldreomsorg held god kvalitet, sjølv om det som er bra alltid kan gjerast betre.

Storfjord kulturhus er kommunen si fremste storstove. I alle bygdelaga er det eit rikt kultur- og organisasjonsliv som i stor grad vert drive av frivillige, mellom dei mange pensjonistar.

Vi som bur i Stranda har mykje å vere stolte av og takksame for! For Stranda Høgre er det eit overordna mål å ta vare på og utvikle alt som er bra i samfunnet, og å finne dei beste løysingane på dei utfordringane vi har. Ambisjonen vår er eit samfunn der både dei som veks opp og dei som vert gamle har det trygt og godt. Kommunen si oppgåve er å levere tenester til innbyggjarane og til næringslivet med høg kvalitet i alle bygdelag.

Vi ber om di tillit for å få dette til. Stem Høgre 11. september!



Gruppebilde av kandidatar med Einar Arve Nordang i front.

Kapitler

1. Næringsliv
2. Samferdsel og kommunikasjonar
3. Kommunal økonomi og organisasjon
4. Helse, eldreomsorg og sosiale oppgåver
5. Skule og oppvekst
6. Kultur og fritid
7. Bustadbygging
8. Energi, klima og miljøvern

Kapittel 1 - Næringsliv

- **Vi heiar på entreprenørane**
Stranda kommune har eit variert næringsliv med sterke bedrifter og gode arbeidsplassar. Det skuldast ikkje minst at lokale entreprenørar tek risiko og gjer investeringar i industri, eigedomsutvikling, reiseliv og handel. I kommunepolitikken er oppgåva vår å gjere det vi kan for at næringslivet kan vekse og ha gode rammevilkår. Stranda kommune skal vere ein framoverlent Ja-kommune.
- **Vi heiar på innvandrarane**
Verksemdene i Stranda har lukkast med å rekruttere mykje god arbeidskraft frå land i EU, først og framst Litauen og Polen. Mange av dei har flytta med familie til kommunen og gjer ein flott innsats for fellesskapet. Kommunen har ei viktig rolle i arbeidet med å integrere nye landsmenn i samfunnet vårt.
- **Sikre tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft**
Både for etablerte og nye verksemdar, og for Stranda kommune som arbeidsgivar, vil det i åra som kjem vere ei stor utfordring å sikre tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Stranda Høgre meiner kommunen må ta aktiv del i rekrutteringsarbeidet i inn- og utland gjennom eit nystarta selskap for næringsutvikling i kommunen. Vi meiner og det må gjerast meir for at dei som står utanfor arbeidslivet får plass i verksemdene.
- **Areal for nærings- og samfunnsutvikling**
Stranda kommune har ei sentral rolle i planlegging og utvikling av areal for utvikling av samfunnet. Kommunen må svare på behova til næringslivet gjennom god arealplanlegging og effektiv handsaming av plansaker. Stranda Høgre meiner det må leggjast til rette for vidare utbygging av hytter i regulerte felt, mellom anna i fjellsida over Langlo og Storgjerde i Stranda tettstad.
- **Fleire statlege arbeidsplassar**
For Høgre er det eit mål å flytte fleire statlege arbeidsplassar frå Oslo til distrikta. Stranda Høgre vil ta initiativ til etablering av lokalt kontorfellesskap i kommunen for folk med stadsuavhengige jobbar i staten og i andre offentlege og private verksemdar. Dette kan gjere Stranda til ein meir attraktiv kommune å bu og arbeide i for folk med høgare utdanning.

- **Stimulere nyskaping i landbruket**

I Stranda kommune er det god tradisjon for landbruk med mange gode og innovative aktørar. Stranda Høgre vil stimulere innovasjon og nyskaping i næringa. Kommunen må ha som mål at dyrka og dyrkbar jord vert halde i hevd og at den private eigedomsretten vert respektert.

- **Satse meir på heilårsturisme**

Reiselivsnæringa er viktig i Stranda kommune. Vi meiner det er potensiale for utvikling av næringa både i Stranda tettstad og i dei andre bygdelaga, og vil at kommunen saman med aktørane legg til rette for å realisere dette. Planane for større satsing på heilårsturisme må følgjast opp med kommunen som aktiv støttespelar.

- **Arbeide for innføring av besøksbidrag**

Lofoten vert truleg pilotprosjekt for innføring av turistavgift (besøksbidrag) i Norge. Stranda kommune må fylgje opp med sikte på at turistar i verdsarvområdet i kommunen og vert krevd for eit bidrag. Regelverket for besøksbidrag er i skrivande stund ikkje utarbeide. Stranda Høgre meiner at bidraget må gå til finansiering av felles goder.

- **Greie ut regulering av camping-turisme**

I delar av kommunen er det eit problem at tilreisande som kjem i bobilar og andre kjøretøy slår seg til på opne plassar der det ikkje er toalett. Vi meiner kommunen må greie ut om camping-turisme kan regulerast.

- **Greie ut fullskala cruisekai på Stranda**

Restriksjonar på cruisetrafikk i verdsarvområdet gjer det naudsynt å greie ut alternativ til Geiranger og Hellesylt for anløp av cruiseskip. Stranda Høgre vil ta initiativ til at Stranda Hamnevesen gjer undersøkingar med sikte på etablering av fullskala kai i Stranda sentrum, gjerne i samarbeid med private aktørar.

- **Greie ut redusert formueskattesats**

Privat kapital er avgjerande for å skape gode lokalsamfunn. Reduksjon i den kommunale delen av formueskatten i Stranda kan vere eit godt verkemiddel for utvikling av næringsliv og auke i tilflyttinga til kommunen. Stranda Høgre vil i perioden ta initiativ til ei utgreiing av dette. Vi har og som langsiktig mål å fjerne eller redusere eigedomsskatten i kommunen, men kan med bakgrunn i den økonomiske situasjonen i kommunen ikkje love ei endring dei neste fire åra.

- **Verne om annleisdagen**

Vi ynskjer at søndag framleis skal vere ein dag då dei som ikkje må gjere ein jobb skal kunne ha fri. Samstundes meiner vi at retten for handelsnæringa til å halde oppe på sundager må vere lik i heile kommunen, og ikkje berre gjelde butikkar i Hellesylt og Geiranger.

Kapittel 2 – Samferdsel og kommunikasjonar

- **Betre vegar for folk og næringsliv**

For folk og næringsliv vil betre vegar til og frå kommunen vere avgjerande for ei god samfunnsutvikling. Vi meiner Stranda kommune må prioritere prosessar for å få realisert prosjekta for Fv 60 med ny veg på strekninga Grodås – Hellesylt, Rv 15 med ny veg over Strynefjellet med arm til Geiranger, samt Storfjordsambandet med tunnel mellom Stranda og Sykkylven og ferjefritt samband til Ålesund.

- **Styrke ferjetilbodet i kommunen og regionen**

Stranda er eit samfunn der fergesamband er ein kritisk del av infrastrukturen både for næringslivet og folk flest, og for kommunen sin drift. Vi meiner Stranda kommune må arbeide aktivt for å styrke tilbodet om avganger på fergene.

- **Gjere skulevegane sikrere**

At barna kjem seg trygt til og frå skular er eit ansvar vi som politikarar tek med stort alvor. Stranda Høgre meiner kommunen må gå i dialog med skuleleiarar og foreldre, og jobbe for tiltak som gjer tilhøva betre. Vi vil mellom anna greie ut om det kan kome ein gangveg mellom Kjølås og Ringstad skule som ikkje fylgjer fylkesvegen.

Kapittel 3 – Kommunal økonomi og organisasjon

- **Kontroll på kommuneøkonomien**

Den jamne reduksjonen i folketalet får konsekvensar for inntektene til Stranda kommune, mellom anna dei løyvingane kommunen får frå staten. Auke i lånekostnader har i tillegg skapt ekstra utfordringar dei siste åra. Stranda Høgre vil i valperioden prioritere dei viktigaste oppgåvene for kommunen: skule og oppvekst, helse og eldreomsorg. Vi lover å føre ein ansvarleg økonomisk politikk med lokal styring over kommunen sin økonomi.

- **Kommunen si gjeld må kraftig ned**

Stranda kommune har over år opparbeida ei samla gjeld på om lag 819 millionar kroner (inkludert Stranda Hamnevesen og vatn/avløp). Dette er langt meir enn ein kommune med 4.421 innbyggjarar kan makte. Stranda Høgre meiner kommunen må foreta gradvis nedbetaling av gjelda til eit nivå som ikkje er større enn inntektsbudsjettet til kommunen. Det må leggjast ein plan for å nå dette målet.

- **Kommunal omorganisering og effektivisering**

Stranda kommune er den største arbeidsgivaren i Stranda. Høgre vil arbeide for at kommunen vert organisert og administrert på ein måte som er rasjonell, og gir effektiv utnytting av kommunen sine ressursar. Å rekruttere og halde på gode og motiverte medarbeidarar er avgjerande for at tenestene har høg kvalitet. Vi ynskjer at dei som jobbar ufrivillig deltid skal få heile stillingar. Kommunen må og legge til rette for rekruttering og god opplæring av lærlingar i dei kommunale verksemdene.

- **Kommunebytte for Liabygda**

Liabygda Vel har teke initiativ til at bygda gjer eit bytte frå Stranda til Fjord kommune. Stranda Høgre meiner argumenta for eit kommunebytte for Liabygda er gode, og gir prinsipiell støtte til initiativet. Ein føresetnad vil vere at saka vert grundig utgreidd og at Stranda vert kompensert for eventuelle negative økonomiske konsekvensar gjennom forhandling med Fjord kommune og med staten.

- **Samarbeid med andre kommunar**

Stranda er ein liten kommune og samarbeider godt med nabokommunane om viktige tenester, mellom anna barnevern, legevakt og brannvern. Høgre vil utvikle dette samarbeidet på andre område for å gjere fagmiljøa sterkare og tenestene betre. Partiet har som mål å avvikle fylkeskommunane. Stranda Høgre ynskjer at kommunen går i dialog med naboane våre for om mogleg å skape ein større og sterkare kommune for indre og søre Sunnmøre. Målet vårt er uansett at dei tenestene kommunane skal utføre for innbyggjarar og næringsliv held høg kvalitet.

- **Betre kommunal informasjon**

Stranda kommune sin informasjon til innbyggjarane om verksemda i kommunen bør verte betre. Stranda Høgre vil ta initiativ til at kommunen utarbeider ein kommunikasjonsstrategi og set av tilstrekkelege ressursar til gjennomføring av denne.

- **Innvandring, flyktingar og integrering**

I Stranda kommune er over 20 prosent av innbyggjarane innvandrarar og norskfødte med innvandrarforeldre. Stranda Høgre vil arbeide for tiltak for auke i innvandringa for å sikre bedriftene og kommunen tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Vi sluttar opp om

kommunen sine mål for mottak av flyktingar frå Ukraina og andre land, og vil arbeide for best mogleg integrering både av dei og av arbeidsinnvandarane.

- **Redusere talet på medlemmer i kommunestyret**

Stranda Høgre gjorde i samband med handsaming av kommunebudsjett for 2023 framlegg om å redusere talet på medlemmer i kommunestyret frå 25 til 21, for å ta ned kostnadene til drift. Dette fekk ikkje fleirtal. Vi meiner dette ikkje vil ha negative konsekvensar for lokaldemokratiet og kjem til å fremje forslaget på nytt, med sikte på ei endring frå neste valperiode.

- **Leggje til rette for meir offentleg privat samarbeid (OPS)**

Stranda Høgre meiner kommunen må leggje til rette for offentleg privat samarbeid (OPS) om utvikling og realisering av prosjekt som kan styrke tenestetilbodet og gjere kommunen meir attraktiv for tilflytting.

Kapittel 4 - Helse, eldreomsorg og sosiale oppgåver

- **Ein verdig alderdom**
Folk lever stadig lengre, og det skal vi vere glade for. Eldreomsorga må vere tilpassa dei ulike behova til dei som vert gamle i Stranda. Kommunen skal bidra til eit mangfald av fritids- og trivselsaktivitetar, både for dei som bur heime, i omsorgsbustad eller på sjukeheim. Maten som blir servert i omsorgstenesta framleis skal vere næringsrik og sunn, laga med gode råvarer og lokale mattradisjonar.
- **Styrke helsefagleg kompetanse**
Som i mange andre distriktskommunar er det krevjande for Stranda kommune å rekruttere og behalde personell til tenester innan helse, eldreomsorg og sosiale oppgåver. Vi meiner kommunen må møte denne utfordringa med å tilby gode lønsvilkår og arbeidstidsordningar, godt arbeidsmiljø, samt kompetansehevande tiltak.
- **Gode heimetenester**
Stranda Høgre meiner kommunen må levere gode tenester i alle bygdelag til dei eldre og sjuke som ynskjer å bu i sin egen heim. Dette er viktig for at dei kan gjere det lengst mogleg. Vi vil arbeide for å få på plass eit demens-team i kommunen.
- **Samarbeid med frivillige**
Med ein aukande andel eldre menneske i kommunen, vert det og auke i behovet for hjelp i kvardagen. Vi meiner kommunen må invitere til samarbeid med frivillige som kan ta del i omsorga til dei eldste blant oss.
- **Sjukeheim med høg kvalitet**
Kommunen har ansvar for at sjukeheimstilbodet har eit godt fagleg innhald, med krav til kvalitet som sikrar alle forsvarleg pleie. Vi meiner planlegging av eit nytt velferdssenter på Lånemarka i Stranda må starte i neste periode med sikte på samlokalisering av flest moglege helse- og omsorgstenester.
- **Ei verdig rusomsorg**
Stranda Høgre meiner kommunen må arbeide aktivt med tidlege førebyggjande og haldningsskapande tiltak for å redusere misbruk av alkohol og narkotiske rusmidler blant innbyggjarane. Dei som treng hjelp skal vere sikra ei fagleg god og verdig rusomsorg.
- **Eit godt barnevern**
Stranda kommune har utvikla eit godt samarbeid med Fjord kommune om barnevern. Vi vil styrke arbeidet med tidleg innsats og forebygging, som er viktig for å unngå at store og kostnadskreivjande tiltak må setjast inn på sikt. Foreldra skal få tilbod om opplæring i foreldrerettleiande metodar, og hjelpa som vert gitt skal vere tilpassa det einskilde barnet og foreldra sine behov. Det er viktig at rettssikkerheita til barn og deira familier vert godt ivareteken.
- **Styrke den psykiske helsetenesta**
Stranda Høgre vil arbeide for at kommunen får tilsett psykolog for å hjelpe innbyggjarar med psykiske helseutfordringar.
- **God heildøgns omsorg**

Vi meiner kommunen framleis må ha eit fagleg godt tilbod om heildøgns omsorg for dei som har
trong for bistand i kvardagen.

Kapittel 5 – Skule og oppvekst

- **Ein skule som møter behova til kvar elev**
Skulen skal formidle kunnskap, utvikle dugleik og skape gode haldningar i eit trygt og triveleg ute- og innemiljø, der elevar og lærarar kjenner seg heime. Stranda Høgre ynskjer å satse på tidleg innsats, investering i eigne tilsette, og utvikling av det faglege tilbodet i skulen. Det er viktig at vi har ein skule som møter behova til kvar einskild elev. Språkopplæring for barn med utanlandske foreldre må prioriterast.
- **Planlegge ny skule i Stranda tettstad**
Ringstad skule er den største barneskulen i Stranda. Skulen vart bygd på 1960-talet og treng å verte erstatta med eit nytt bygg. Stranda Høgre meiner kommunen må starte planlegging av ein ny og moderne skule i Stranda tettstad med sikte på byggestart snarast mogleg.
- **Utvikle dei vidaregåande skulane**
Stranda vidaregåande skule gir gode tilbod til elevar frå Stranda og nabokommunane, både innan studiespesialisering og yrkesfag. Vestborg vidaregåande skule har eit kristent føremål og eit breiare rekrutteringsgrunnlag, og dei to skulane samarbeider godt. Skulane har tilsette med høg kompetanse, som er viktig for samfunnet vårt. Stranda kommune må vere ein pådrivar for eit sterkare samarbeid mellom skulane og næringslivet om utvikling av relevante tilbod, for å sikre at verksemdene kan rekruttere unge medarbeidarar med kompetanse dei treng.
- **Foreldra må velje barnehage**
Stranda Høgre meiner det er foreldra, og ikkje kommunen, som skal gjere val av barnehage for dei små. Vi vil arbeide for likestilling mellom dei kommunale og private barnhagetilboda.
- **Fleksible opptak til barnehagane**
Stranda Høgre vil arbeide for at det vert innført fleksible opptak gjennom året til barnehagane i kommunen. Dette er viktig, ikkje berre av omsyn til barna si utvikling, men og for å styrke likestilling mellom kvinner og menn. Vi meiner og at ein av barnehagane skal ha ope i sommarferien. Kommunen må dessutan greie ut om det av omsyn til dei som jobbar skift er behov for utvida åpningstid i barnehagane.
- **Arbeide for læremiddel på nynorsk**
Stranda kommune skal arbeide for at elevane i grunnskulane i kommunen får god tilgang på læremiddel, læringsressursar og skriveprogram på nynorsk.
- **Halde fram med skulegudstenester**
Storfjorden Kyrkjelege Fellestråd samarbeider godt med skulane i kommunen om skulegudstenester før jul, og vi meiner dette må halde fram. Julegudstenesta er ein naturleg del av undervisninga i dei verdiane det norske samfunnet bygger på, og er like viktig i eit fleirkulturelt samfunn. Vi skal møte andre sine livssyn med respekt, og då er det ein stor føremon å kjenne vår eigen kulturarv. Skulen skal ikkje drive forkynning, men heller ikkje gøyme bort det religiøse.

Kapittel 6 – Kultur og fritid

- **Plan for styrking av frivillig innsats**
Stranda Høgre vil at kommunen i samarbeid med Frivilligsentralen i Stranda utvikler ein plan for å styrke den frivillige innsatsen i kommunen, på dei frivillige sine premisser. Vi ynskjer at frivillige organisasjonar vert engasjert i arbeid med å etablere fleire merka turløyper. Innsatsen bør rettast mot turløyper som er universelt utforma, samt i planmessig vedlikehald av eksisterande turstiar.
- **Råd for frivillige lag og organisasjonar**
Stranda Høgre vil opprette eit råd for frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Rådet skal drøfte og løfte prosjekt det vert arbeida med i bygdelaga, og som kommunen kan hjelpe til med å realisere.
- **Gode fritidstilbod til alle**
Stranda Høgre meiner det er viktig med gode og tilgjengelege fritidstilbod for alle innbyggjarar. Kommunen må søke å vidareføre tilbod innan idrett, kulturskule og bibliotek i samarbeid med frivillige organisasjonar.
- **Ein stad å vere for ungdom**
Ungdom som bur i Stranda tettstad har lenge etterlyst ein stad å vere. Stranda Høgre går inn for at kommunen gjer eit arbeid for å finne eit eigna lokale i sentrum som dei unge, med hjelp frå frivillige vaksne, kan innreie og disponere til aktivitetar på fritida.
- **Bygging av basishall i Stranda tettstad**
Stranda Høgre meiner at det må byggjast ein basishall for idretten og skulane på Stranda. Ein basishall vil utvide tilbodet for barn, ungdom og vaksne i heile kommuna. Realisering av prosjektet må skje i form av eit offentleg privat samarbeid (OPS). Stranda Høgre har som mål å få realisert basishallen i komande periode
- **Dyrke nynorsken**
Språket er ein viktig del av identiteten til dei som bur og arbeider i kommunen. Stranda er ein nynorsk-kommune og for oss i Stranda Høgre er det viktig å dyrke den tradisjonen både i skulen, i dei kommunale institusjonane og foretaka, og i kommunen sin kommunikasjon med innbyggjarane. Kommunen si språkopplæring for innvandrarak bør vere på nynorsk når det ikkje kjem i konflikt med eventuell tidlegare opplæring eller manglande læremateriell.

Kapittel 7 - Bustadbygging

- **Utvikle nye byggefelt**
Stranda Høgre meiner planlegging av nye byggefelt, anten kommunale eller private, er viktig for den vidare utviklinga i kommunen. Det må og leggjast til rette for etablering av bustader i eksisterande bygg, både i og utafor sentrumsområda i kommunen.
- **Leggje til rette for fortetting**
I dei siste åra er det mange som har selt einebustader i byggefelta og flytta til leilegheiter sentralt i bygdelaga. Denne utviklinga vil truleg halde fram, og kommunen må i den samanheng leggje til rette for meir fortetting i sentrumsområda.
- **Fleire sentrumsnære leilegheiter**
Både i Stranda tettstad og i dei andre bygdelaga er det trong for fleire leilegheiter til folk som drar på åra, og ikkje lenger kan ta hand om ein stor bustad. Kommunen må i samarbeid med private eigedomsutviklarar leggje ein plan for realisering av prosjekt som gjer at flest mogleg kan bu heime lengst mogleg. Sal av kommunale eigedomar til dette føremålet må kunne vurderast.
- **Fleire bustader for utleige**
I tillegg til bustader for eige er det viktig at det i Stranda kommune er ein god marknad for utleigebustader, mellom anna for at verksemdene kan tilby ein stad å bu for dei som kjem hit for å jobbe. Kommunen må syte for rask handsaming av søknader frå private eigedomsutviklarar.
- **Kåring av gode bustadprosjekt**
I Stranda har mellom anna mange arbeidsinnvandrarar gjort ein framifrå jobb med å setje i stand gamle hus. Vi meiner kommunen må stimulere berekraftig bygging av nye bustader og restaurering av eksisterande bygg gjennom kåring av «Årets bustadprosjekt» i Stranda.

Kapittel 8 - Energi, klima og miljøvern

- **Ansvarleg forvaltning av natur og ressursar**
Stranda Høgre vil ta vare på naturmangfaldet i kommunen gjennom ein kombinasjon av frivillig vern, berekraftig bruk og naturbasert verdiskaping basert på ein sterk, privat eigedomsrett. Kommunen si oppgåve er å regulere bruk av felles ressursar.
- **Verne om verdsarven i Stranda**
Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap omfattar Geirangerfjorden og Nærøyfjorden, som viser korleis landskapet har utvikla seg frå den siste istida fram til i dag. Som arena for ein del av denne spektakulære verdsarven har Stranda kommune eit særleg ansvar for forvaltning etter prinsippa i Verdsarvkonvensjonen. Samstundes ser vi at enkelte av vernebestemmelsane kan ha negativ verknad for utvikling. Kommunen må og halde fram som støttespelar for arbeidet Storfjordens Venner gjer for å verne om kulturminne langs fjordane våre.
- **Byggje ut meir vasskraft**
Vi meiner kommunen må arbeide for gode rammevilkår for utbygging av ny vasskraft og oppgradering av eksisterande anlegg. Etablering av anlegg for vindkraft må kunne vurderast når dei ikkje kjem i konflikt med viktige natur- og miljøomsyn.
- **Auke overføringskapasiteten på kraftlinene**
Kommunen må og ta initiativ til auke i overføringskapasiteten på kraftlinene i området for å sikre ei god utvikling for næringslivet i kommunen.
- **Stimulere overgang til bruk av fornybar energi**
I Stranda må det vere eit mål at trafikk korkje på sjø eller land skal forureine miljøet. Arbeidet med å leggje til rette for landstraum på kaiene i kommunen må difor halde fram. Kommunen må og stimulere eigen organisasjon og verksemdene i alle delar av næringslivet til å utarbeide miljørekneskap, med fokus på tiltak som gir reduksjon i utslepp av CO₂.
- **Stimulere planting av skog**
Vi meiner kommunen må stimulere auke i skogplanting i kommunen. Dette er viktig både for å sikre grønne arbeidsplassar og for å bruke skogen som klimatiltak, der utslepp av klimagassar vert teke opp i naturen.

Avslutning:

- **Vi har ikkje svara på alt**
På lista til Stranda Høgre finn du folk med lang erfaring frå nærings- og organisasjonsliv i kommunen. Både dei unge og dei eldre kandidatane er innstilt på å gjere ein innsats for fellesskapet. Om du gir Høgre di stemme er løftet vårt ansvarleg styring av kommunen med grunnlag i dei verdiane og dei prioriteringane som kjem fram i programmet. Samstundes er vi ærlege på at vi ikkje har svara på alle spørsmål som er viktige for veljarane. Representantane våre kjem difor til å leggje opp til «open line» og god dialog med innbyggjarane på møte, i digitale kanaler og gjennom direkte kontakt. Inga sak er for lita til at ikkje vi skal høyre kva du ynskjer eller meiner!